



Dette er ein båt som Sjøtroll har fått levert frå Fitjar

Den arbeidsbåten til oppdrettsnæringa som har vore under bygging hos Eidsvik i det siste vert fullført i september, opplysar prosjektleiar Åsmund Sørffonn til uskedalen.no
Men det stoppar slett ikkje der. Fitjar Mekaniske Verksted har også inngått kontrakt med Napier AS om design og bygging av ein einskrogs arbeidsbåt som skal leverast i april neste år. Her er Napier i Langevåg på Bømlo oppdragsgjevar og dette er den fyrste einskrogsbåten av HFMF-design. Den får eit dieselelektrisk framdriftssystem og stor kapasitet. Arbeidsområder vert både oppdrettsnæringa, konstruksjonar og undervatnsarbeid, støttefartøy under marine operasjonar og anna. Namnet vert Taupo, størrelsen 50 X 10 meter. og lastekapasiteten 300 tonn.

Sørffonn er begeistra over å få bidra til ei slik utviding av flåten og satsing på ein ny marknad. At dei kan byggja skroget heime i Noreg inneber gevinstar med omsyn til leveringstid, kontroll i prosjektet og kvalitet i utførelsen samt fleksibilitet i byggjeperioden. Dette er faktorar kundane set stor pris på.

Fitjar er også ein nærmast permanent leverandør til Sjøtroll Havbruk, som opererer nærmast utanfor døra i Uskedalen. I desember vil verftet levera ein service- og lokasjonsbåt til dette selskapet. Denne vert imidlertid bygd og fullført på Fitjar.

Den gode kontakten betyr mykje for både Sjøtroll og FMV. Sjøtroll er eit av dei største oppdrettsselskapa med 25 konsesjonar og ein årleg produksjon på 30 000 tonn.

Sørffonn utelukkar ikkje at det kan verta bygd fleire båtar hos Eidsvik som resultat av nye kontraktar. Verftet har kraftig vind i segla for tida - det gjeld også andre båt-typar.

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen